



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Fredriksen	Arkivkode: FA-Q80, TI-&30
Arkivsaksnr: 16/573	Løpenr: 17/4631
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	25.04.2017	016/17	NF

TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2017-2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Naturutval vedtek med heimel i plan-og bygningslova § 11-14 å leggja ut til offentleg ettersyn « Trafikksikringsplan for Samnanger kommune 2017-2021».

25.04.2017 NATURUTVALET

Handsaming i møtet: Utvalet gjekk igjennom planen og slutta seg til den. Stadnamn må verte retta før utsending av planen. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

NAT-016/17 VEDTAK:

Naturutval vedtek med heimel i plan-og bygningslova § 11-14 å leggja ut til offentleg ettersyn « Trafikksikringsplan for Samnanger kommune 2017-2021».

Dokument som er vedlagt:

Til naturutvalet
Trafikksikringplan _til naturutvalet

Kva saka gjeld:

Temaplanen for trafikksikring 2017-2021 avløys den forrige Trafikksikringsplanen (TS-plan) 2003-2015. Planen skal vere styrende for trafikksikringsarbeidet i Samnanger. Kommunen har fått gjennomført mykje av innspela til førre plan, men det er framleis mykje å ta fatt på. Naturutvalet vedtok i gjeldande planprogram å starta opp arbeidet med å rullera trafikksikringsplanen frå 2003. Planframlegget vert behandla som ein temaplan. Oppstart av trafikksikringsplanen vart kunngjort i *Samningen* den 23.06.2016. I perioden 23. juni – 10.september 2016 var det mulig å komme med innspel til arbeidet med TS-planen.

Føremålet for trafikksikringsplanen 2017-2021 er å leggja grunnlag for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet, og søka å styrka kommunen si innsats innan trafikksikringsarbeid, særleg på førebyggjande plan.

Målet med revidert plan er difor mellom anna:

- Ny handlings-/tiltak for perioden 2017-2021
- Oppdatert analysegrunnlag
- Grunnlag for å endra satsingsområde, prioritere på nytt
- Trafikksikker kommune; eit nytt konsept for trafikksikringsarbeid, kriterier utarbeida av *Trygg trafikk* som eit verktøy for å kvalitetssikre det kommunale arbeidet.
- Ny temaplan vil vere konkret i høve nasjonale, regional målsettingar for trafikksikringsarbeidet.
- Visjonar og målsettingar skal knyttast til målsettingar i andre kommunale plandokument.

I innspelrunden kom det inn ca.20 innspel til arbeidet med trafikksikringsplanen, sjå vedlagt tabell. Nokre innspel er frå face book og nokre innspel er ikkje namn ved. I tillegg har arbeidsgruppa for planen lagt inn eigne forslag til tiltak, samt innspel frå teknisk drift, sjå tabell 2.

Organisering:

Den administrative arbeidsgruppa har ansvar for kartlegginga og utarbeiding av TS-planen. Denne gruppa består av:

- Teknisk forv - Nina Fredriksen (prosjektleder/sekretær)
- Teknisk drift – Endre Kulleseid
- Plan- Roald Aandahl/Ragnhild Lønningdal
- Folkehelse – Meline Haugland
- Rådmannsgruppa - Hilde-Lill Våge

Naturutvalet er styringsgruppa for TS-planen.

Framlegget til trafikksikringsplanen byggjer på Statens vegvesen sin rettleiar for kommunale trafikksikringsplaner. Planarbeidet har omfatta registrering av grunnlagsinformasjon (ulukkestattistikk), innspel til planarbeidet frå ulike hald, problemanalyse, forslag til tiltak og prioritering av desse. Trafikksikringsplanen frå 2003 med tilhøyrande prioriteringsliste er gjennomgått av arbeidsgruppa. Gjennomgangen visar at dei fleste prioriterte tiltaka i planen er gjennomført. Dei tiltaka som ikkje er gjennomført, er vurdert på nytt i den nye planen. Temaplanen har eit satsingsområde: Trygg skuleveg og på barn og unge.

Vurderingar og konsekvensar:

Plandokumentet er eit godt grunnlag for det vidare trafikksikringsarbeidet i kommunen og rådmannen rår til at plan med vedlegg vert lagt ut på høyring. Planen skal liggja ute på høyring i 6 veker.